



Opus Bergen AS

Referanser:

Dykkar: Torunn Johanna Rosnes
Vår: 14/4604 - 15/5702

Saksbehandlar:

Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

23.03.2015

Ang. oppdatert og justert reguleringsplan for Mjåtveitmarka

Me viser til oppdatert plankart motteke hos oss 13.03.15, og til vårt møte av 8.4.2015.

Me har sett gjennom justeringane som er gjort og drøfta desse, og mykje er på plass no. Det er likevel nokre justeringar til som lyt på plass, og som me vart einige om på vårt møte. Desse er:

1. Tilkomstmarkering til område B16-ks lyt teiknast inn i kartet i samsvar med opphavleg plan.
2. Offentlege vegar lyt markerast med (o) i samsvar med føresegner av 11.12.2012, § 4.3.
3. Område G1, opphavleg område F1 ved avkjøring frå fylkesvegen, vart i møte av 15.5.2012 endra til G1, Grønstruktur (3020, naturområde). Dette kan i denne justeringa av plankartet, visast som **Offentleg Friområde, o_F1, med SOSI-kode 3040**, og jf. vedtak av 11.12.2012.
4. Grøntområdet ved gangvegen forbi barnehage skal vere **Offentleg Turdrag, o_T, med SOSI-kode 3030**. Dette samsvarer ikkje med føresegnene til reguleringsplanen § 5.1, og administrasjonen vil rette dette i føresegnene.
5. F5 lyt justerast til **Offentleg Friområde, o_F5, med SOSI-kode 3040**, jf. føresegn 5.2, og jf. vedtak av 11.12.2012.
6. Områda F2-F4 og F6-F10 skal vere **Offentleg Friområde, o_F, med SOSI-kode 3040**, og jf. vedtak av 11.12.2012. (F1 og F5 har me allereie definert)
7. Veg 1,1 må påførast vegnamn i samsvar med endring av 15.5.2012.
8. Tittelfelt lyt oppdaterast. Nye behandlingar som lyt inn i tittelfeltet vert:

Saksbehandling iflg. Pbl	dato	Plankart datert	Føresegner datert
Planutvalget	16.1.2008	9.11.2007	7.1.2008
Kommunestyret	23.1.2008	9.11.2007	7.1.2008
Sist endra, Adm. Vedtak	23.2.2015	3.2.2015	

Til slutt lyt det føreast på kven som har utarbeidd justeringa, og siste revisjonsdato lyt føreast på plankartet. **Siste revisjonsdato skal vere 17.04.2015, og lyt sendast til kommunen same dag.**

Ta kontakt ved spørsmål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Kopi:

Anny Bastesen

Mottakere:

Opus Bergen AS